



Lærdal kommune

Utval for levekår

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 16.04.2026

Møtetid: Kl. 12:30 - 15:00

Møtestad: Lærdal kulturhus -
kunstfoajeen

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Anne Karin Brugrand	AP
Hallvard Trohaug	AP
Anita Espe-Larsen	SP
Iris Blaaflat	SV

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Kristoffer Iversen	H		

Møteleiar:	Anne Karin Brugrand
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Gunn Lerøy og biblioteksjef Guro Nesse
Dokument utlevert i møtet:	

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-002/26	Orientering, meldingar og skriv	
PS-003/26	Drøftingssak: Drift og utvikling av bibliotek og kulturhus	
PS-004/26	Godkjenning av Møteprotokoll	

001/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

16.04.2026 Utval for levekår

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

UL - 001/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/26 Orientering, meldingar og skriv

Kommunedirektøren si tilråding:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

16.04.2026 Utval for levekår

Handsaming i møtet

Saker:

- Status kultur
- Status bibliotekprosjektet
- Generell informasjon frå kommunedirektøren

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

UL - 002/26 Vedtak

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

003/26 Drøftingssak: Drift og utvikling av bibliotek og kulturhus

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Utval for levekår drøftar ambisjonsnivå for drift av bibliotek, kulturhus og kunstsenter etter samlokalisering.
2. Utvalet gir signal om forventa opningstider og tenestenivå.
3. Utvalet tek stilling til om det skal arbeidast vidare med felles bemanning og samdrift (bibliotek, kino og kunstsenter, eventuelt turistinformasjon).

Innspel frå drøftinga vert brukt som grunnlag for eventuelle budsjettendringar i revidert budsjett, juni 2026.

16.04.2026 Utval for levekår

Framlegg, foreslått av Anne Karin Brugrand, Det norske Arbeiderparti

Utval for levekår ynskjer eit levande kulturhus der alle aldersgrupper finn ein attraktiv møteplass. Me ynskjer mest mogleg samdrift for best bruk av personalressursar, der ein vektlegg innspel frå dei som allereie jobbar i biblioteket.

Me ynskjer utvida opningstider med laurdagsopning, det siste kan bli ein god møteplass i vinterhalvåret.

Me ynskjer ein tilsett med fag- og personalansvar som ivaretek bibliotektenesta, kunstsenter og kino, samt tilstrebar økonomisk berekraft. Turistinformasjon og billettsal Villakssenter kan gjerne inngå. Frivillige som ressurs må vurderast.

Utval for levekår ynskjer at saka skal inn i revidert budsjett med avklaring snarast. Me ber administrasjonen vurdere kva som kan vere tilfredsstillande auke i budsjettet for kultur.

Me ber om at denne saka skal sjåast i samanheng med sak 019/25 Drøftingssak – Sogn kunstsenter – strategi 2025 - 2030

Røysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

UL - 003/26 Vedtak

Utval for levekår ynskjer eit levande kulturhus der alle aldersgrupper finn ein attraktiv møteplass. Me ynskjer mest mogleg samdrift for best bruk av personalressursar, der ein vektlegg innspel frå dei som allereie jobbar i biblioteket.

Me ynskjer utvida opningstider med laurdagsopning, det siste kan bli ein god møteplass i vinterhalvåret.

Me ynskjer ein tilsett med fag- og personalansvar som ivaretek bibliotektenesta, kunstsenter og kino, samt tilstrebar økonomisk berekraft. Turistinformasjon og billettsal Villakssenter kan gjerne inngå. Frivillige som ressurs må vurderast.

Utval for levekår ynskjer at saka skal inn i revidert budsjett med avklaring snarast. Me ber administrasjonen vurdere kva som kan vere tilfredsstillande auke i budsjettet for kultur.

Me ber om at denne saka skal sjåast i samanheng med sak 019/25 Drøftingsak – Sogn kunstsenter – strategi 2025 - 2030

004/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

16.04.2026 Utval for levekår

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

UL - 004/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend